



› Frivilligsentralen

Måloppnåing 2020

- **Den kulturelle spaserstokk** har hatt nokre forstillingar, men mykje vart sett på vent til 2020 på grunn av pandemien.
- **Syssetting med NAV** har gått omtrent som normalt. 10 personar har vore innom. Nokre har fått jobb, nokre har begynt på skule, og nokre er framleis med i prosjektet.
- **Aktiv ferie:** Svært gode resultat. Om lag 500 deltakarar frå SFO-alder opp til 18 år. I tillegg fekk bukollektivet tilbod om dette.
- Arbeid med stiar har vore vidareført.
- Stor auke på hjelp til privatpersonar.
- Utdeling av matkasser til jul i samarbeid med butikkar og privatpersonar. 42 familier fekk tilkøyrte desse.
- Frivilligsentralen møter stor velvilje i lokalsamfunnet og har fått inn mykje midlar utanfrå til ulike prosjekt.

Korona

- Frivilligsentralen har har brukt svært mykje tid og pengar på koronatiltak. Totalt brukte gjekk det med 386 timar og mykje ekstra køyring med utstyr og prøver til analyse. I tillegg vart det kjøpt inn ny tilhengar til smitteutstyr. Totalt har 200.000 kroner av Frivilligsentralen sitt budsjett blitt brukt til dette arbeidet.
- I starten av pandemien vart mange frivillige engasjerte i å handle mat til eldre.
- Nokre av dei faste aktivitetane måtte dessverre leggest på is på grunn av pandemien. Desse blir starta opp att så snart det let seg gjere.